

Øystese sokneråd
5610 Øystese
Sakliste, Øystese Sokneråd

Stad: Øystese kyrkje
Dato: **tysdag** 14.10.2025 **Tid:**
 kl. 19.00-2100 Soknerådsmøta
 er opne.

Dato: 14.10.25		
Til stades : Norunn Rød Markhus, Anne Christin Myklebust, Hilde Måge Kristiansen, Gunlaug Sekkingstad, Anne Britt Berge, Kjell Dysvik, Astrid Lunestad, Ruben Øystese, Therese Rykkje		
NR:	SAKER:	MERKNADER:
	Godkjenning av innkalling, referat, sakliste + ord for dagen	Merknad til førre referat: gudstenesta den 21.12. vert stroken. Då vert det gudsteneste den 28.12. Me lyt finne ny revisor. Det kom opp eit par forslag. Gunlaug spør først. Framgang skjer på messenger.
INFO	Innkomen post, økonomi, mm	-gudstenesteordninga/ Nattverdspraksis Det skal vera ei evaluering av gudstenesteforordninga i heile soknet., seier Norunn. -status (nynorsk..) salmebokmarkering -Arbeid med ny misjonsorganisasjon. Soknerådsleiar møte. Strandebarm fortset med Himalpartnar. Me har snakka om å byte prosjekt. Det er viktig å ha eit prosjekt som kan ha tilknytning til nokon/noko- og få opp eit

		engasjement. Vetle er ein ressursperson som moglegvis kan seie noko om ulike prosjekt. Therese informerer om økonomi: relativt god om dagen. 112 000 på konto. Klokkebidrag vert utbetalt til soknerådet to gonger i året. Dessutan har me spart ein del ved å gjera grep som å laga billigare konfirmantfest osv. Diakonbidrag: me skal gje 15000 i året. Me vil gje ungdomskoret 10000 kroner og bedehuset 5000 kroner. Det vart diskutert om me skulle gje litt pengar til Liv og Lyst. Arbeidet deira gagnar også kyrkjelyden. Me fann ut at me ville gje 5000 kroner.
1	Evaluering av gudstenester mm	- Konfirmantundervisning. To torsdagar med 15 stykk i kvar. Julie og Norunn har fordelt konfirmantane i grupper på 2-4 stk som skal delta på gudstenestene kvar gong. Gruppe 2 i Øystesegjengen skal ha lysmesse saman med Ålvik gjengen. Gudstenestene har vore vellukka. Men: Det vart mykje styr med 4 årsbok og kyrkjekaffi samstundes. Lurt å ikkje ha dette på same tid. Legoklubb: 18 stykk sist. Neste gong vert det 23 stykk. Pass på å smørje nok mat. Konfirmantpresentasjonen var veldig flott.

2	Fullmakt til arbeid med planer for trusopplæring, kyrkjemusikk mm	Vedtak: Soknerådet tilrår med dette at administrativt tilsette, kantorar, kyrkjelydspedagogar, kateket og prestar utarbeidar ny gudstenesteføresegn, plan for undervisning/ trusopplæring som skal reviderast og tilpassast nye krav, kyrkjemusikalsk plan og diakoniplan for Kvam slik at dette kan tilpassast i «Kyrkja vår». Arbeidet blir leia av sokneprest Vetle Karlsen Eide, og arbeidsgruppa består av aktuelle administrativt tilsette, kantorar, kyrkjelydspedagogar, kateket og prestar. Arbeidet blir sett i gang så snart det ligg føre vedtak frå Strandebarm, Vikøy, Øystese og Ålvik. Arbeidet skal etter planen vera ferdigstilt og sett i verk 1.1.2027
3	Kyrkjebygget og uteområdet, vedlikehald og bruk av gåvepengar	- Vurdering av eventuell dugnad på puter, vask mm Etter samla vurdering går me for at Rolf Augestad får reparert putene slik at det vert gjort på profesjonelt vis. Anne Britt held kontakten. Kyrkjetenar bør ta stearin ut av lysgloben. Kateketen har gjerne tankar om korleis ein skal innreie leikekroken litt betre. Forslag frå soknerådet med hyller, posar frå

		Søndagsskulebutikken osv. Me tek det opp seinare.
3	Konstituering – rollefordeling i styret komande år	- Dette tek me på neste møte
4	Kvalitetsikring neste månader - oppgåver og fordeling	-Gudstenesete 26.10. Kjell Arne og Anne Britt. Dei set opp bord til kyrkjekaffien. Ved kyrkjekaffi bør ein møte 10.15 Nynorsk salmebok kveld. Mållaget blir med. Kjell hjelper til, håpar at mållaget kan koka kaffi. Roar førebur foredrag. Vikøy og Øystese skal takka av Roar. Ulf blir med. Nokre medlemmer frå Laudamus. Ruben og Astrid vert kyrkjevertar. Gunlaug og Anne Britt skal steika vaflar.
5	Eventuelt	-